



Vedtekter for råd for eldre og funksjonshemma.

1. Heimel

Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd [eldrerådslova]. § 4a
Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. § 4

2. Føremål

Råd for eldre og funksjonshemma er eit rådgjevande organ for kommunen og skal handsame saker som gjeld eldre og funksjonshemma sine behov og interesser.

3. Samansetjing og val

Rådet har 5 medlemar med personlege varamedlemer valde av kommunestyret. Organisasjonar i kommunen som representerar dei eldre, eller menneske med nedsett funksjonsevne har rett til å kome med framleg til medlemar i rådet. Kommunestyret vel 2 medlemar som representerar dei eldre, og 2 medlemar som representerar menneske med nedsett funksjonsevne. Det 5. medlemet skal veljast mellom kommunestyret sine medlemar. Leiar og nestleiar vert valde av kommunestyret. Funksjonstida er 4 år og føl den kommunale valperioden.

4. Oppgåver

Rådet har uttalerett seg i alle saker som er under handsaming og som er særleg viktige for eldre og funksjonshemma.
Rådet skal ha tilsendt fylgjande saker for uttale: Kommunen sitt årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplanar og sektorplanar, som til dømes tiltak og planar i helse- og omsorgssektoren, bustadprogram, reguleringsplanar, samferdslesaker, og kulturelle tiltak.
Rådet kan også ta opp saker etter eige initiativ.
Rådet forvaltar «Den kulturelle spaserstokken».
Protokollen frå møte i rådet skal fylgje saksdokumenta til dei kommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.
Rådet skal kvart år legge fram ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret.

5. Sekretariat

Kommunen yter sekretærtjenester til rådet tilsvarende andre kommunale råd og utval oppnemnde av kommunen. Møtebøkene vert lagra i kommunens arkiv.

6. Møter

Rådet held møter etter behov eller når leiar eller tre av medlemane krev det. Møta er opne for publikum. Kommunen sitt møtereglement gjeld for møta i rådet.
Rådsmannen har tale- og rett til å kome med framlegg til vedtak.
Medlemane får utbetalt godtgjersle i samsvar med godtgjersle for folkevalde i Selje kommune.

7. Teteiplikt

Rådet er eit forvaltningsorgan og medlemane har teteiplikt i samsvar med Forvaltningsloven § 13.